

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Vestland fylkesting går inn for at hovedregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale.»

Avrøyting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Kollbotn sitt forslag fekk 28 røyster (R, SV, PP, 3 SP, 4 MDG, 13 A, 1 V) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget understrekar at Vestland fylkeskommune som ein stor, offentleg innkjøpar har eit særleg ansvar for å medverke til seriøse og ordna forhold i arbeidslivet. Fylkestinget ber difor fylkesrådmannen sikre at seriøsitetskrava som følgjer av lov- og avtaleverket og dei hovudmåla for innkjøp som er vedtekne for Vestland fylkeskommune, vert følgde.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere årleg om eventuelle avvik som er avdekkja og korleis desse er følgde opp.